

Bondekritikk mot SKL-operasjon

12.08.2013



Transporten til lager ved Døssland er igang

SKL har i dag starta transport av den gamle høgspantlina gjennom bygda til ein samle plass på Døssland. Det skjer med helikopter frå Helitrans og møter kritikk frå bønder i området. Hans Reidar Kjærland uttrykkjer seg slik:

- Det er svært uprofesjonelt av SKL å gjennomføra denne operasjonen på denne tida av året når så mange dyr er på beite i området.

Det hadde vore mykje klokare og meir hensynsfullt å gjera dette på ei anna tid på året. Eg har sjølv opplevd at eit dyr vart skremt og braut eit bein på grunn av ein helikopteroperasjon som Kvinnherad Energi gjennomførte.

uskedalen.no har forelagt kritikken for nettsjefen i SKL, Asbjørn Kverdal, som lovar å ta problemet opp direkte med bøndene,

- Vi plar å ta omsyn til bøndene i samband med slike operasjonar og hermå det ha skjedd ein kommunikasjonssvikt. Vi er eventuelt innstilt på å utsetta arbeidet, seier nettsjefen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen